



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Distrikts- og digitaliseringsministeren

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

20/6156-2

27. november 2020

Spørsmål nr. 494 fra stortingsrepresentant Nils T Bjørke til distrikts- og digitaliseringsminister Linda Hofstad Helleland

Spørsmål:

Talet på registrerte sysselsette i statleg forvaltning på Voss har minka med 94 i åra 2013-2019. Nabokommunane Ulvik, Vaksdal, Vik og Aurland har til saman mista 76 sysselsette i statlig forvaltning i perioden. Til samanlikning er talet i Bergen auka med 3 165. Kva er forklaringa på denne endringa; kva for arbeidsplassar er det som har vorte borte i Voss og i nabokommunane, og kva for arbeidsplassar har vorte styrka i Bergen?

Begrunnelse:

I budsjettarbeidet denne hausten har Senterpartiet sin finansfraksjon spurt kor mange kommunar som har færre arbeidsplassar i dag enn i 2013 og kor mange statlege arbeidsplassar desse kommunane har tapt til saman. Spørsmålet er lagt fram for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet har laga ei oversikt basert på SSB sin registerbaserte sysselsetjingsstatistikk for å visa sysselsette etter arbeidssted i institusjonell sektor «Statleg forvaltning». Oversikta syner at talet på registrerte sysselsette i statleg forvaltning på Voss i fjerde kvartal 2013 var 691. I fjerde fjerde kvartal 2019 var talet 601. Nedgang i sysselsetjing innafor statleg forvaltning treng ikkje bety tap av arbeidsplassar i ein kommune. Det kan bety at ei verksemd ikkje lenger er ein del av statleg forvaltning. Oversikta syner at talet på registrerte sysselsette i statleg forvaltning har endra seg slik for Voss og nabokommunane samanlikna med Bergen:

Bergen +3 165

Aurland -8

Vik -11

Granvin -4 (Granvin er slådd saman med Voss)

Ulvik -20

Vaksdal -37

Voss -90

Svar:

Statleg sysselsetjing er høgare i nær alle fylke samanlikna med 2013. Samstundes er det rett at noen kommunar har færre statleg sysselsette i dag, mens andre har mange fleire. I denne perioden har vi gjennomført naudsynte reformer innan politi, UH-sektor, helsesektoren mm. Mange tidlegare skranketenester er no digitaliserte, reiseavstandar er mindre viktige, og brukarane treng ikkje lengre å møte fysisk på eit kontor. Døme på dette er Lånekassa og Skatteetaten, og hos Statens Vegvesen.

Distriktsnæringsutvalet, som nyleg leverte si utgreiing, konkluderer med at satsingar på infrastruktur, skattelette og generelle verkemiddel mot føretak, har gjeve gode resultat. Samstundes peikar dei òg på at ein effektiv distriktpolitikk må ha ein breidde av tiltak som gjer det attraktivt å flytte til, eller bli verande, i distrikta. Her er kombinasjonen statleg og privat sysselsetjing eit døme på korleis vi nettopp kan medverke til meir varierte arbeidsmarknader.

Departementet tok utgangspunkt i den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken frå SSB for å svare på spørsmålet frå finansfraksjonen til Senterpartiet. Kategorien *Statleg forvaltning* dekkjer statlege einingar som forvaltar eit politisk og administrativt ansvar, mellom anna iverksette og handheve reguleringar, produsere tenester for konsum gratis eller til reduserte prisar, og å fordele inntekt og formue. I tillegg til departement og direktorat og anna offentleg administrasjon, omfattar desse tala òg helseføretak og sjukehus. Enkelte statsføretak, og kulturinstitusjonar som museum og teater, enkelte aksjeselskap som Nye Veier AS, fjellstyre osv. er òg inkludert. Totalt var det i 2019 om lag 300 000 sysselsette innanfor institusjonell sektor *Statleg forvaltning*.

Statistikken er på eit høgare nivå enn enkeltverksemder, og kan difor ikkje gje eit svar på i kva statlege verksemder det har vorte fleire eller færre sysselsette, i Voss og nabokommunar eller i Bergen, mellom 2013 og 2019. Statistikken mogleggjer ei fordeling av dei sysselsette etter sju av SSB sine næringsgrupperingar, og departementet har sett nærare på næringsklassifiseringa til verksemder med relevant sektorkode i einingsregisteret, og vurderer at dei òg kan nyttast på dei aktuelle næringane, jf. tabell

SSB næring	Næring omfattar
Helse- og sosialtenester	Sjukehus og sjukehustenester
Jordbruk, skogbruk og fiske	Jordbruk, skogbruk og fiske
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	Offentleg administrasjon, politi, retts- og fengselsvesen, administrasjon av trygdeordningar
Personleg tenesteyting	Arkiv, bibliotek, museum, musikk, scenekunst, Kyrkja
Sekundærnæringer	Enkelte statsføretak (for eksempel BaneNor mv.)
Undervising	Universitet og høgskular, statleg VGS mm.
Varehandel, hotell og rest., samferdsle, finanstenester., forretningsmessige tenester, eigedom	Fjellstyre, forskingsinstitutt, eigedomsforvaltning mm.

Ei oversikt over kva type statleg sysselsetjing det har blitt meir og mindre av i desse kommunane, er lagt ved dette brevet. Det meste av nedgangen i statleg sysselsetjing i dei fleste av Voss sine nabokommunar har skjedd innanfor næringskategorien offentleg administrasjon mm., mens den største nedgangen i Voss har vore innanfor kategoriane helse- og sosialtenester og sekundærnæringar. Endringa innanfor sekundærnæringar heng sannsynlegvis saman med omgjeringa av Jernbaneverket til statsføretaket Bane NOR. Deler av verksemda til Bane NOR har vore utskild i dotteraksjeselskap som ikkje vert rekna som del av statleg sektor når ein fører statistikk over sysselsette slik som omtalt i spørsmålet. Slike forhold kan gjere det krevjande å tolke denne typen statistikk, særleg når det gjeld endringar mellom år. Bergen har fleire sysselsette i alle kategoriar, men særleg i kategoriane helse- og sosialtenester, undervising og offentleg administrasjon mm.

Mykje av veksten i statleg sysselsetjing dei siste åra har kome nettopp i eksisterande institusjonar innanfor helsesektoren og universitets- og høgskulesektoren. Dette syner at utviklinga i eksisterande statlege verksemder er vel så viktig som etablering av nye verksemder. Frå 2008 til 2013 kom veksten i statleg sysselsetjing særleg i verksemder innan offentleg administrasjon mm. Sidan 2013 har veksten i større grad vore knytt til sjukehus, universitet og høgskuler.

Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon, som vart justerte i november 2019, inneheld vurderings- og prosedyrekrav for mellom anna strukturendringar. Utgreiingar om strukturendringar skal innehalda ei vurdering av mogleg utflytting frå Oslo og sentrale kommunar i Oslo-området. Som eit minimum skal det gjerast ei vurdering av om deler av verksemda og løysing av oppgåver som ligg i Oslo og sentrale kommunar i Oslo-området, kan flyttast ut. Utgreiingar og avgjerder om strukturendringar skal ta omsyn til utviklinga i talet på statlege arbeidsplassar i kommunar og arbeidsmarknadsregionar som endringane vedkjem, for å redusere samla, negative verknader for lokale og regionale arbeidsmarknader.

Det finst òg andre typar statistikk over talet på statlege arbeidsplassar. SSB publiserer statistikk over *Ansatte i staten*, som syner årsgjennomsnitt av talet på arbeidsforhold i statlege verksemder. Her er talet på sysselsette i underkant av 170 000 (den aller største skilnaden mellom dei to talgrunnlaga er helseføretaka og sjukehusa). Dette er den statistikken som DFØ (tidlegare Difi) brukar i sine rapportar om *Utvikling i antall arbeidsforhold i stats- og sentralforvaltningen*. Denne statistikken dekkjer likevel berre perioden 2016–2019, og kan difor ikkje nyttast for å svare på spørsmål om utvikling lenger bak i tid.

Med helsing



Linda Hofstad Helleland

Vedlegg 1 Oversikt over sysselsatte innenfor sektor Statlig forvaltning i aktuelle kommuner, fordelt på næringskategorier. 2013 og 2019, samt endringstall.

Kommune/Næringsgruppe	Antall sysselsatte (Statlig forvaltning) 2013	Antall sysselsatte (Statlig forvaltning) 2019	Endring
Aurland	22	14	-8
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	9	4	-5
Personlig tjenesteyting	3	-	-3
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	10	10	-
Bergen	24 045	27 210	3 165
Helse- og sosialtjenester	9 893	11 692	1 799
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	7 015	7 432	417
Personlig tjenesteyting	641	761	120
Sekundærnæringer	59	124	65
Undervisning	5 317	5 899	582
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	1 120	1 302	182
Granvin	4	-	-4
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	4	-	-4
Ulvik	31	11	-20
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	10	5	-5
Sekundærnæringer	21	6	-15
Vaksdal	60	23	-37
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	50	23	-27
Sekundærnæringer	7	-	-7
Personlig tjenesteyting	3	-	-3
Vik	65	54	-11
Helse- og sosialtjenester	5	-	-5
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	57	51	-6
Personlig tjenesteyting	3	3	-
Voss	691	601	-90
Helse- og sosialtjenester	440	397	-43
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	161	156	-5
Personlig tjenesteyting	6	7	1
Sekundærnæringer	60	14	-46
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	24	27	3

